



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for næring og kultur</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Operahuset, Nordfjordeid</b>
<b>Møtedato</b>	<b>15.03.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10.00 – 15.00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Karen Marie Hjelmeseiter, Sp, leiar**  
**Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar**  
**Erlend Haugen Herstad, Sp**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Torbjørn Vereide, Ap**  
**Anne Lilleaasen, H**  
**Marita Gunn Aarvik, Frp**  
**Jon Olav Kvamme, KrF**

**Forfall til møtet:**

**Aleksander Øren Heen, Sp**

**Varamedlemmer til stades:**

**Bjørn Sandvik Sølsnes, Sp**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Jan Heggheim**  
**Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad**

**Sekretariat for møtet:**

**Helga Bjørkhaug**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 2.02.16 vart godkjend utan merknader.

**Orienteringar:**

- Energikompetansesenteret – ved Jan Olav Larsen, prosjektleiar - velferdsteknologi
- Opera Nordfjord – ved operasjef Kari Standal Pavelich
- Malakoff Rockfestival - ved festivalmedarbeidar Gunn Guddal
- Samarbeid mellom Eid vidaregåande skule, Opera Nordfjord og kultursatsingane på Eid - ved rektor Ove Bjørlo
- Fylkesbiblioteket - ved fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen

**SAK 21/16      Skriv og meldingar - Hovudutval for næring og kultur  
15.03.2016**

**VEDTAK:**

1. Statsbudsjettet 2016 - Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift  
1a. 551.61 Endelig fylkesfordeling.pdf
2. Førdefestivalen - referat frå representantskapsmøte des. 2015
3. Rapport 2015 - rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane  
3a. Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015  
3b. Oversikt over tildelingar 2015
4. Årsrapport - Innovasjon Norge.  
Innovasjon Norge vert invitert for orientering i hovudutvalet i eit seinare møte.
5. Saksmengda i hovudutval for næring og kultur
6. Administrativ fullmakt næring 2015
7. UKM - invitasjon til hovudutval for næring og kultur
8. Årsrapport reiseliv 2015
9. Orientering til hovudutvalet om fylkesbiblioteket

Lagt fram i møte:

10. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019
11. Kulturkonferansen 1. april 2016 – kvalitet i kulturen! – program

Muntleg orientering:

12. Vurdering av habilitet for leiar Karen Marie Hjelmesæter ved handsaming av INU-saker.
13. Ingebjørg Erikstad orienterte om arbeidet med å flytte Kulturrådet til Sogn og Fjordane.

-----  
**SAK 22/16      Val av styremedlemer til Stiftinga Norsk Countrytreff**

**VEDTAK:**

Som styremedlemer til Stiftinga Norsk Countrytreff for valperioden 2016 – 2019 vert valde:

1. Som styremedlem vert vald: Nils R. Sandal  
Vara:
2. Som styremedlem vert vald:  
Vara:

Som styreleiar for Stiftinga Norsk Countrytreff vert vald: Nils R. Sandal

Hovudutvalet gav hovudutvalsleiareren fullmakt til å supplere med ein styremedlem og to vara til styret for Norsk Countrytreff.

**SAK 23/16 Statsbudsjettet 2016 - kap. 1429 post 79 Verdsarv - tildeling av midlar**

**VEDTAK:**

1. Det vert gitt slik løyving frå post 79. Verdsarv:
  - a. Eldhus/vedahus og mur på Øvste Stegen, Aurland kommune kr. 428 000
  - b. Stølskulturen i verdsarven kr. 45 000
  - c. Styvi Gardsmuseum kr. 48 000
  - d. Parkforvaltar kulturminne kr. 100 000
  - e. Restaureringsleiar kr. 75 000

**Sum tildelt tilskot: kr. 696 000**

2. Det vert ikkje gjeve løyve til fyljande prosjekt
  - a. Driftsbygning på Sjuragarden
  - b. Driftsbygning i Isaktunet
  - c. Strandlinja på Salthellesanden
3. Fylkesdirektøren får fullmakt til å fordele det resterande tilskotet på kr. 54 000 seinare.
4. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetaling av midlane i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

-----

**SAK 24/16 Statsbudsjettet 2016 - kap. 1429 post 71 freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap - tildeling av tilskot**

**VEDTAK:**

1. Det vert gitt slik løyving frå post 71. Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap for 2016:
  - a. Vonens hus, Fjaler kommune kr. 600 000
  - b. Våningshuset på Nedre Kvamme, Lærdal kommune kr. 670 000
  - c. Heimdalstrand, sommarhuset, Balestrand kommune kr. 1 500 000
  - d. Heimdalstrand, atelier/stabbur, Balestrand kommune kr. 170 000
  - e. Tingvoll bustadhuset, Stryn kommune kr. 180 000
  - f. Kaupanger hovudgård, kulturlandskapet Sogndal kommune kr. 175 000
  - g. Kaupanger hovudgård, hovudhuset, Sogndal kommune kr. 50 000
  - h. Bu i Haukedalen, Førde kommune kr. 25 000
  - i. Restaureringsleiar for freda bygg kr. 400 000

Av dei tildelte midlane har Riksantikvaren øymerka fyljande prosjekt:

- j. Sanitetsbunker i Måløy, Vågsøy kommune kr. 150 000
- k. Brannsikring i Lærdal (Hanse garden) kr. 80 000

**Sum tildelt tilskot kr. 4 000 000**

2. Det vert gitt ei førehandsløyving frå post 71. Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap for 2017:

- |   |             |
|---|-------------|
| a. Lien (Olsbø) masstova, Hornindal kommune | kr. 743 000 |
| b. Askelund futegard, Balestrand kommune    | kr. 157 000 |
| c. Restaureringsleiar for freda bygg        | kr. 100 000 |

**Sum tildelt tilskot** **kr. 1 000 000**

3. Det vert ikkje gjeve tilskot til fyljande prosjekt:
  - a. Svanøy hovudgard, Flora kommune
  - b. Ormelid, stabburet, Luster kommune
4. Inndregne midlar frå post 72.2.1. Tilskot gitt i 2013 i samband med grunnlovsjubileet til istandsetjing av bygningar etter Eidsvollsmennene i fylket, kr. 200 000 vert løyvd til istandsetjing av vindauga på sorenskrivargarden Loftesnes i Sogndal kommune.
5. Inndregne midlar frå post 72.4 Kystkultur frå 2013 kr. 65 000 vert løyvd til venneforeninga for Indre Ofredals-anlegget. Tilskotet skal nyttast til å lage ein istandsetjings- og vedlikehaldsplan for anlegget.
6. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetalinga av midlane i tråd med retningslinjene frå Riksantikvaren

---

## **SAK 25/16 Hydrogen-satsing**

### **VEDTAK:**

Hovudutvalet tek orienteringa til vitande. Det vert arbeidd vidare med å få realisert eit prosjekt som skal stimulere til auka bruk av hydrogen-løysingar, og til produksjon og effektiv distribusjon av hydrogen.

---

## **SAK 26/16 Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane. Årsplan for 2016**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen vedtek årsplan for 2016.
2. Finansiering av arbeidet er for fylkeskommunen si side avklara gjennom budsjett 2016.

### Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 3:  
Hydrogensatsinga vert innarbeidd i årsplan til verdiskapingsplanen.

### **Avrøysting:**

Samrøystes vedtak.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen vedtek årsplan for 2016.
2. Finansiering av arbeidet er for fylkeskommunen si side avklara gjennom budsjett 2016.
3. Hydrogensatsinga vert innarbeidd i årsplan til verdiskapingsplanen.

-----

**SAK 27/16      Avklaring for vidare arbeid. Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke eit Interreg Europe initiativ.**

**VEDTAK:**

1. Hovudutvalet tek orienteringa i saka til vitande og sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med utvikling av prosjektet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å vurdere endeleg prosjektframlegg og signere søknaden i høve frist den 13. mai 2016.

-----

**SAK 28/16      Rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2016**

**VEDTAK:**

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2016» slik den ligg føre.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen.

-----

**SAK 29/16      Regionale utviklingsmidlar 2016 fordeling 1**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1      Kystskogbruket får tildelt 80 000 kr til oppfølging av felles fylkeskommunalt program 2016.
- 2      EM i vektløfting 2016 v/Stian Grimseth og Knut Folkestad får avslag på søknad om tilskot.
- 3      Fylkeskommunen støttar Fuzz AS med 200 000 kr i driftsstøtte i 2016.

- 4 Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får høve til å omdisponere ei tidlegare løyving på kr 100 000. Midlane vert nytta til å dekke etableringskostnader i samband med eit presåkornfond, og ikkje til det opprinnelege føremålet som var overtaking av einskildprosjekt frå Bedriftsnettverket.
- 5 Fjordkonferansen får tildelt 175 000 kr for perioden 2016-2019 med atterhald om at Møre og Romsdal går inn med tilsvarande støtte.
- 6 Nordfjord Vekst AS får 150 000 kroner til forprosjekt «Ringverknader av Lefdal Gruve» i 2016.
- 7 Tilskota vert finansiert slik:
  - 1.Tilskotet til Kystskogbruket og Fuzz AS vert dekket med disponible midlar frå tidlegare år.
  - 2.Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekket med restmidlar frå 2015 sett av til tenestemråde 7018 kunnskap.
  - 3.Tilskotet til Nordfjord Vekst AS vert finansiert med disponible midlar frå budsjett 2016, tenestemråde 7012 bransjeretta satsingar – industri.

\*\*\*\*\*

Marita Gunn Aarvik, Frp, gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

\*\*\*\*\*

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre, Venstre og Sosialistisk Vensterparti sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2:  
Søknaden frå EM i vektløfting 2016 vert tildelt kr 100 000.

**Avrøysting:**

Endringsframlegg frå Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteke.  
Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteken endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1 Kystskogbruket får tildelt 80 000 kr til oppfølging av felles fylkeskommunalt program 2016.
- 2 EM i vektløfting 2016 vert tildelt kr 100 000.
- 3 Fylkeskommunen støttar Fuzz AS med 200 000 kr i driftsstøtte i 2016.
- 4 Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får høve til å omdisponere ei tidlegare løyving på kr 100 000. Midlane vert nytta til å dekke etableringskostnader i samband med eit presåkornfond, og ikkje til det opprinnelege føremålet som var overtaking av einskildprosjekt frå Bedriftsnettverket.
- 5 Fjordkonferansen får tildelt 175 000 kr for perioden 2016-2019 med atterhald om at Møre og Romsdal går inn med tilsvarande støtte.
- 6 Nordfjord Vekst AS får 150 000 kroner til forprosjekt «Ringverknader av Lefdal Gruve» i 2016.
- 7 Tilskota vert finansiert slik:
  - 1.Tilskotet til Kystskogbruket og Fuzz AS vert dekket med disponible midlar frå tidlegare år.
  - 2.Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekket med restmidlar frå 2015 sett av til tenestemråde 7018 kunnskap.
  - 3.Tilskotet til Nordfjord Vekst AS vert finansiert med disponible midlar frå budsjett 2016, tenestemråde 7012 bransjeretta satsingar – industri.

-----

## SAK 30/16 Kommunale næringsfond - tildeling 2016

### VEDTAK:

1. Kvar av kommunane Førde, Gaular, Naustdal, Jølster, Eid, Vågsøy, Selje, Gulen, Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 for felles førstelineteneste.

Kommunane Eid, Vågsøy og Selje får eit stimuleringstilskot for felles næringsfond på kr. 33 333 kvar.

Kommunane Hyllestad, Fjaler og Solund får eit stimuleringstilskot på kr. 100 000 kr. kvar for felles næringsfond.

2. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2016, som vert tildelt i denne saka (inkludert stimuleringstilskota):

Kommune	Totalt tilskot 2016
Askvoll	533 738
Balestrand	356 344
Eid	701 000
Fjaler	625 099
Flora	832 122
Førde	975 855
Gaular	530 112
Gloppen	557 326
Gulen	504 508
Hornindal	352 136
Hyllestad	560 865
Jølster	533 603
Leikanger	401 285
Naustdal	525 546
Selje	555 925
Sogndal	649 313
Solund	533 560
Stryn	619 278
Vågsøy	702 387
<b>SUM</b>	<b>11 050 000</b>

3. Leikanger, Fjaler, Gloppen, Flora (Fram Flora) og Sogndal må levere politisk handsama rapport før midlane kan betalast ut.
4. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllande presiseringar i tilskotsbrev.
5. Midlane vert dekkja av 11,00 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond i budsjett 2016 og restløyving frå 2015 på 0,05 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond.

**SAK 31/16 Sogn og Fjordane Næringsutvikling, val av styre**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

Som medlemer i Sogn og Fjordane Næringsutvikling sitt styre vert valt:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Oppnemninga gjeld for perioden 2016-2019.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

Saka vert utsett.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett.

---